



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3037 - 18/35571

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:
26.11.2018

Godkjenning av seksjonering gbnr 141/78

Administrativt vedtak. Saknr: 643/18

Vedtak

Lindås kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for sameiet Kvina BE9, gbnr 141/78, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar med lik sameigebrøk- ½ kvar. Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre. Begge seksjonar har tilleggsareal B som er utvendig sportsbod. Carport er integrert med inngangspartia og er ein naturleg del av kvar seksjon.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigdommen.

Seksjoneringa av eigdommen gbnr 141/78 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer.



Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7000,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Saksutgreiing

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 141/78 i Lindås, med adressene Stølhaugane 21A og 21B.

På eigedommen er det gitt igangsetjingsløyve for oppføring av vertikaldelt 2- mannbustad der kvar bueining skal utgjera kvar sin bustadseksjon. Tomannsbustaden går over 2 plan og kvar bueining har eigen ytre inngang med tildelt offisiell adresse. Seksjonane er klart avgrensa mot kvarandre med delelinje midt i bygget.

Alt areal på eigedommen utanfor bygningskroppen og carportar er fellesareal for dei 2 seksjonane. Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiet Kvina BE9.

Vurdering:

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonskart som tydeleg viser eigedomsgrenser, plassering av seksjonane og parkeringsplass på utsida av kortsida av bygget.
- Planteikningar av tomannsbustaden- 2 plan, der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive.
- Vedtekter for sameiet Kvina BE9, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Firmaattest for Majo Eigedom AS.
- Grunnboksutskrift for gbnr 141/78.
- Søknaden er sendt inn av Oppgjørs Partner AS men er signert av dagleg leiar i firma som eig eigedommen.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakrar:

Majo Eigedom AS
Oppgjørs Partner AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ